

Fra: Jane Britt Daae <janebrittdaae@hotmail.com>

Sendt: 09.05.2022 20:45:51

Til: Bente Kopperdal Hervik <bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no>

Kopi: borge.brundtland@gmail.com

Emne: Om friluftslivets ferdselsårer

Hei!

Vedlagt følger nokre forslag som eg tenkjer openbart har ein plass blant attraktive ferdselsårer med regional verdi. Eg har ikkje høve til å sjå på det meir i kveld, men tek gjerne eit tak seinare og gjerne med folk i turlaget med stor områdekunnskap.

I tillegg til vedlagte forslag til ruter, kjem innspel på tekst i planen:

1.2.3 Meir attraktive friluftsområde og turstiar som har potensiale (særpreg) for reiselivet

Innspel: Utover nærturane rundt skular og der folk bu, må ein få fram at kjennskap og bruk av den lokale høgfjellsheimen er nærtur i den forstand at det er eit godt alternativ til meir fjernliggjande og meir kjente fjellheimar som Hardangervidda, Jotunheimen, Trollheimen, Rondane osv. Mange reiser forbi sin eigen fjellheim. Utan at det nødvendigis skal være næringsgrunnlag for reiselivet er det av verdi at innbyggjarar har områdekunnskap og tilgjengelegheit til det som er nærast. Ønskjer derfor å om formulere overskrifta her med å ta vekk "for reiselivet". I teksten under overskrifta kan det gjerne stå som ein kvalitet/attraktivitet at den har potensiale for næring og reiseliv.

I tillegg:

Skildra kva som gjer friluftsområde attraktive og gjev regionale interesse.

Friluftslivsets ferdselsårer knyter seg opp til friluftsliv, eit omgrep der naturelementet er sentralt. Kva gjev naturopplevingar, kva naturverdiar har vi, naturmangfald og landskap med særpreg? Kvalitetar gjev attraktivitet, og foreslår å leggje inn ei kollone i ruteoversikten som går på attraktiviteter/kvalitetar.

Nærturane har som kvalitet at dei er nære og fremjar kvardagsaktivitet. Men dersom ein avgrensar til denne kvaliteten, og ikkje legg til andre element, får vi ikkje fram potensiale, verdiar og samla oversikt Alver har. Ferdselsårane og nærturar fremjar aktivitet i kvardagen, men også naturopplevingsapektet. Spissformulert: Naturen har verdi utover at den får folk til å bevege seg. Kvalitetar som kjennerteikner attraktive friluftsområde og kan ha regional interesser er:

- Naturverdiar, naturmangfald og naturlandskap. Botanikk, bergartar, fauna, dyreliv, elvar, fossar, juv, fjellnipe, dalføre, verna område osv.
- Kulturverdiar, kulturhistorie og kulturarv. Kva må vi ikkje gløyme av vår kulturhistorie. Korleis levde og tok folk seg fram tidlegare? Fjellstrilane er viktig del av strile-identiteten. t.d. Stølane. Bjørn West.

- Friluftslivs arenaer som tilrettelagte arenaer. BOF sine anlegg, badeplassar, teltplassar, gapahukar. DNT anlegg og T-merka ruter som er med i nasjonalt hytte og rutenettverk.

Vi må få fram særpreg. Kva er det vi har i Alver som finst lite av andre stader, kva gjer oss stolte? kva turar har vi som er attraktive og (bærekraftige)for dei som bur i Fana, Brekke eller Voss? Korleis løfte kunnskap om friluftslivets moglegheiter i Alver, og områdekunnskap utover det som er nærmast tettbebygde strøk?

Desse innspela kjem til dette avsnittet:

3.1 Ferdelsårer med regional verdi/potensiale

Turstiane og turvegaane som er lista opp nedanfor ligg utanfor skulestadene og vert vurderte til å ha regional verdi eller potensiale. Regional verdi er her definert som at eit klårt fleirtal av brukarane ikkje bur i lokalområdet, men har køyreavstand til startpunktet for turen, og i tillegg at turstiane har svært høg bruksfrekvens over fleire år, altså ikkje berre som eit resultat av plassering av stolpar i Stolpejakten eller liknande. Dei turane som er vurderte til å ha regionalt potensiale har per i dag ikkje så høg bruksfrekvens, men er turar som har kvalitetar som gjer at dei har potensiale i reiselivssamanheng.

Som tilretteleggingstiltak er det i tillegg til fysisk merking og skilting, viktig med digital skilting og nytt turkart for Alver, og kanskje få det fram i denne planen her.

For Nordhordland Turlag

Jane Britt

From: Bente Kopperdal Hervik <bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no>

Sent: Thursday, May 5, 2022 6:40 PM

To: janebrittdaae <janebrittdaae@hotmail.com>

Subject: